

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Vestland fylkeskommune
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 2

Saksbehandlar/telefon:
Bjarte H. Tangenes / 412 816 15
Vår dato: 27.11.2024

Sak 76/24 Innfartsparkering i byvekstområdet

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune ser at det er trong for å styrke samarbeid og informasjonsflyt i samband med innfartsparkering i Miljøløftet. I denne saka blir det fremja forslag om tiltak for å styrke samarbeidet med utgangspunkt i felles vedteke strategi.

Det blir vidare orientert om status ved innfartsparkeringane i byvekstområdet og om aktuelle saker.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa sluttar seg til at det blir oppretta ei arbeidsgruppe som vist i saka.

Styringsgruppa tek orientering om status og aktuelle saker til orientering.

Innhald

1.	Overordna om innfartsparkering	3
1.1.	Organisatorisk status	3
1.1.1.	Integrere arbeidet med innfartsparkering i Miljøløftet-organiseringa	4
1.1.2.	Definisjon av innfartsparkering.....	4
1.1.3.	Prinsipp for innfartsparkering.....	4
1.2.	Mandat for arbeidsgruppe for innfartsparkering	4
1.3.	Vestland fylkeskommune sitt arbeid	5
2.	Om innfartsparkeringsanlegg i bergensområdet	6
2.1.	Eigarskap og driftsansvar	6
2.2.	Status per område.....	6
2.2.1.	Område nordaust	7
2.2.2.	Område sør.....	9
2.2.3.	Område vest.....	11
3.	Aktuelle saker	12
3.1.	Utgåande leigeavtalar i 2024.....	12
3.1.1.	Straume terminal i Øygarden kommune	12
3.1.2.	Kystbygarasjen i Øygarden kommune.....	13
3.1.3.	Kvassnesvegen 15 i Alver kommune	13
3.2.	Leige parkeringsareal av Askøy kommune	14
3.3.	Parkeringskontroll ved Flatøy terminal	14

1. Overordna om innfartsparkering

Innfartsparkering er eit av dei fire satsingsområda i Miljøløftet ut i frå gjeldande byvekstavtale for bergensområdet. Det overordna målet med innfartsparkering er å redusere sentrumsretta arbeidsreiser med bil i rushtida, og den primære brukargruppa ein ønskjer å nå er difor arbeidsreisande med det sentrale Bergen som målpunkt.

I byvekstavtalen blir det stadfesta at tiltak for innfartsparkering må prioriterast gjennom ordinær porteføljestyling. Innfartsparkering vart i hovudsak vurdert som ein del av kollektivtilbodet, og Vestland fylkeskommune hadde med det eit overordna ansvar. Denne tilnærminga gjekk ein bort i frå i 2022 vedtak av «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering 2022-2029» som ny strategi i styringsgruppa for Miljøløftet. I den nye strategien skal det overordna og strategiske ansvaret for innfartsparkering i avtaleområdet bli flytta inn i Miljøløftet-organiseringa. Det inneber at avtalepartane har eit felles ansvar for satsingsområdet.

«Strategisk styringsdokument for innfartsparkering 2022-2029» utgjer utgangspunktet for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med innfartsparkering.

1.1. Organisatorisk status

I det strategiske styringsdokumentet blir organiseringa skildra på følgande måte:

Innfartsparkering har tradisjonelt blitt sett på som en del av kollektivtilbudet, og det har derfor vært naturlig at fylkeskommunen også har hatt det overordnede ansvaret for innfartsparkeringsplasser. Ettersom innfartsparkering er ett av fire satsingsområder i Miljøløftet er det hensiktsmessig at alle partene i denne avtalen får være med å vurdere fremtidige anlegg i avtaleområdet. Ved at fylket tar forvaltningen av det overordnede og strategiske ansvaret for innfartsparkering i avtaleområdet inn i Miljøløftet-organiseringen vil samarbeidet om innfartsparkering mellom fylket og kommunene styrkes.

Nye prosjekter kan ha ulik finansiering, men byvekstavtalen har gitt et vesentlig økt handlingsrom for å kunne realisere nye prosjekt. Alle nye prosjekt i avtaleområdet, uavhengig av finansiering, skal håndteres av Miljøløftet og porteføljestyres opp mot nullvekstmålet. Finansieringen må avklares gjennom de årlige handlingsprogrammene.

Arbeidet med innfartsparkering ber framleis preg av å vere fragmentert. Erfaringane etter eit par år med ny strategi syner at det er trong for å byggje på strategien og gjere vidare avklaringar. Dette gjeld særleg tre punkt:

- Avklare kva det inneber å ta forvaltning av det overordna og strategiske ansvaret for innfartsparkering inn i Miljøløftet-organiseringa og korleis ein bør gjere dette
- Etablere ein felles definisjon for innfartsparkering som er meir spissa enn det som blir skildra i strategien
- Etablere prinsipp for handsaminga av satsingsområdet innfartsparkering

Vestland fylkeskommune meiner det er trong for å etablere ei arbeidsgruppe med føremål om å løyse desse utfordringane.

1.1.1. Integrere arbeidet med innfartsparkering i Miljøløftet-organiseringa

Gjennom strategien vart det vedteke å ta forvaltning av det overordna og strategiske nivået for innfartsparkering inn i Miljøløftet-organiseringa. Vidare er hensikta at alle nye prosjekt i avtaleområdet handsamast av Miljøløftet og bli porteføljestyrt opp mot nullvekstmålet.

Desse føringane legg opp til ei anna organisering av arbeidet enn det som var status ved innføring av strategien, og det som er status i dag. I dag er innfartsparkering, som dei andre satsingsområda, del av arbeidet til dei geografiske arbeidsgruppene, men det har ikkje i tilstrekkeleg grad blitt gjort eit felles arbeid for å styrke satsingsområdet og jobbe inn føringane i strategien.

1.1.2. Definisjon av innfartsparkering

I det strategiske styringsdokumentet er innfartsparkering definert slik:

«Innfartsparkering er parkeringsplasser for biler og/eller sykler ved en holdeplass eller stasjon, slik at man kan kjøre bil eller sykle til holdeplassen og reise videre med kollektivtransport»

Definisjonen i dag inkluderer med det alle parkeringsplassar som ligg i nærleik av haldeplass for kollektivtransport. Det blir då opp til den einskilde eigar å definere areal inn eller ut av satsingsområdet og strategien. Det er difor føremålstenleg å spisse definisjonen og få ein meir samla forståing og bruk av omgrepet.

Innbyggarane i byvekstområdet kan få svært ulike opplevingar frå ei innfartsparkering til den neste. Ei standardisering av tilbudsutforminga vil kome brukarane til gode.

1.1.3. Prinsipp for innfartsparkering

I dagens strategi er det definert prinsipp for lokalisering av innfartsparkering. Det er trong for å byggje vidare på strategien ved å definere prinsipp for innfartsparkering også på andre område, som parkeringskontroll, tilbudsstandard og marknadsføring. Døme på spørsmål slike prinsipp bør svare ut:

- Kva slags betalingsløysingar bør ein kunne tilby brukarane?
- Kva slags tilbudsstandard skal ein innfartsparkering ha?
- Korleis skal ein innfartsparkering vere skilta?
- Kva slags tilnærming skal ein ha til parkeringskontroll? Kva skal vere styrande for om ein har parkeringskontroll eller ikkje på ei gitt parkering?
- Korleis skal ein marknadsføre innfartsparkering?
- Bør avtalepartane i Miljøløftet ta sikte på å eige eller leige parkeringsanlegg med føremål om å nytte dei som innfartsparkering?

1.2. Mandat for arbeidsgruppe for innfartsparkering

Vestland fylkeskommune meiner det bør bli nedsett ei arbeidsgruppe for innfartsparkering som skal ta forvaltninga inn i Miljøløftet-organiseringa.

Bakgrunn for opprettinga av arbeidsgruppe for innfartsparkering er at erfaringane etter eit par år med felles strategi syner at det er trong for å styrke samordninga ytterlegare slik at strategi og praksis harmoniserer betre.

Arbeidsgruppa skal leggje frem følgjande:

- Samla definisjon for innfartsparkering i byvekstområdet som er meir spissa enn dagens definisjon
- Felles offisiell liste av kva anlegg som skal reknast som innfartsparkeringsanlegg av Miljøløftet – inklusive driftsansvarleg og status
- Prinsipp for parkeringskontroll, tilbodsstandard, marknadsføring og anna
- Fordeling av oppgåver, ansvar og mynde blant dei ulike avtalepartane

Vestland fylkeskommune leiar arbeidsgruppa. Partane utnemner sjølv medlemmar, men det er ønskeleg at gruppa ikkje blir for stor.

Arbeidsgruppa skal levere utkast til svar på punkta over til styringsgruppa andre kvartal 2025.

1.3. Vestland fylkeskommune sitt arbeid

Vestland fylkeskommune har oppgåver innafor bygging, drift, kontraktsforvaltning, datainnsamling, analyse, planlegging, parkeringskontroll, rapportering, marknadsføring, brukarinformasjon og kommunikasjon i samband med innfartsparkering.

Vestland fylkeskommune forvaltar ei oversikt over parkeringsanlegg som blir kategorisert som innfartsparkeringar. I denne oversikta er det til ein kvar tid oppdatert informasjon om eigarskap, driftsansvar, matrikelnummer, regulering og belegg.

Fylkeskommunen gjer vidare statussjekk på dei registrerte parkeringsanlegga med jamne intervall. Her ser ein status på oppmerking og belegg på dei aktuelle plassane, samt andre aktuelle forhold.

Fylkeskommunen rapporterer kvart år til Miljøløftet og Statens vegvesen om antal parkeringsplassar og belegg.

I tillegg til kostnader til drift, vedlikehald og investeringar har fylkeskommunen leigekostnader i samband med leige av private parkeringsplassar og tiltak som sykkelparkering, skiltgjenkjenning mm. Fylkeskommunen har eit årleg budsjett på om lag 3,5 MNOK knytt til leige og investeringar.

2. Om innfartsparkeringsanlegg i bergensområdet

Det er per i dag om lag 3 230 innfartsparkeringsplassar i bergensområdet. Vestland fylkeskommune har registrert 36 parkeringsanlegg som innfartsparkering. I hovudsak ligg dei langs korridorane inn mot Bergen sentrum.

Det er stor variasjon i belegg og press på kapasitet.

2.1. Eigarskap og driftsansvar

Innfartsparkeringar i bergensområdet er i dag fordelt på fleire aktørar. Med unntak av Statsforvaltaren i Vestland har alle avtalepartar i Miljøløftet eigar- og driftsansvar for parkeringsplassar ein kan kategorisere som innfartsparkeringar. Ved nokre anlegg er det særordningar der eigar og driftsansvarleg ikkje er same organisasjon.

Vestland fylkeskommune leiger nokre privateigde anlegg med føremål om å nytte dei som innfartsparkering.

I «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering, 2022-2029» tar ein utgangspunkt i at det er rundt 4 280 innfartsparkeringsplassar i bergensområdet, medan det her er litt rundt 3 230. Diskrepans skuldast:

- Areal utanfor byvekstavtaleområdet er ikkje medrekna: -410
- Nettutvikling i antal: -320.
- Nye teljingar og utskilnad av plasser for rørslehemma og ladestasjonar i eige teljing: -250

Negativ nettutvikling skuldast i all hovudsak reduksjon ved Lagunen og ved Bane NOR sine plasser i Arna.

Eigar	Antall
Kommunane	15
Statens Vegvesen	4
Bane NOR	1
Vestland fylkeskommune	10
Privat	6
Total	36

Tabell 1 Eigarar av innfartsparkering

Det er vesentleg skilnad på korleis dei ulike anlegga i tabellen over blir omtalt, skilta, kontrollert, talde og marknadsførte.

2.2. Status per område


I det fylkeskommunale arbeidet med innfartsparkering følgjer inndelinga i ulike område same inndeling som Miljøløftet elles. Unntaket er Bergen sentrum, som ikkje er innlemma i noko område då det ikkje er innfartsparkeringar der.

Område	Antall ordinære plasser	Belegg per anlegg		Storleik per anlegg	
		Snitt	Median	Snitt	Median

Nordaut	1081	76 %	83 %	83	46
Sør	880	73 %	83 %	98	79
Vest	1277	78 %	76 %	85	50
Total	3238				

Tabell 2 Fordeling av innfartsparkering

Ut i frå snittellinga er det jamt fordelt belegg på dei ulike område. Det dei har felles er at det er stor variasjon i belegg internt i kvart område, der større og meir sentrale anlegg har høgare belegg.



Figur 1 Kart over innfartsparkeringar i nordaut

2.2.1. Område nordaut

Område nordaut dekkjer Alver kommune og bydelane Åsane og Arna.

Innfartsparkeringane for buss og båt er i hovudsak konsentrert langs aksen Frekhaug-Flatøy-Knarvik, og i Åsane.

Den største innfartsparkeringa i området, og nest største i byvekstområdet generelt, er innfartsparkeringa ved Arna stasjon. Denne parkeringa blir administrert av Bane NOR og Bergen kommune.

Anlegga Knarvik kai, Frekhaug kai og Frekhaug v/Badevika er alle i hovudsak tilknytt båt.

Endringar/utvikling

Flatøy terminal

I samband med ferdigstilling av nye Flatøy terminal vil det bli reetablert innfartsparkering på Flatøy, som i byggeperioden har hatt redusert tilbod. Dette vil gje 80 nye innfartsparkeringsplassar samanlikna med dei siste åra. Statens vegvesen vil drifte både terminal og innfartsparkering, og har stadfesta at dei ønskje å ha parkeringskontroll på området.

Åsane terminal

Ved Åsane terminal har ein del av innfartsparkeringa som ikkje tidlegare var innlemma av parkeringsordninga blitt innlemma i denne etter avtale mellom Bergen kommune og Vestland fylkeskommune.

Det er vidare pågåande arbeid med å auke kapasiteten utan å ha for store konsekvensar for økonomi, miljø og arealbruk.

Namn	Belegg	Storleik	Eigar	Kommune	Parkeringskontroll
Arna stasjon	90 %	331	Bane NOR	Bergen	Ja
Åsane terminal	100 %	192	Bergen kommune	Bergen	Ja
Knarvik kai	87 %	115	Vestland fylkeskommune	Alver	Ja
Knarvik v/Kvassnesvegen 15	92 %	93	Privat	Alver	Nei
Flatøy terminal	0 %	80	Statens vegvesen	Alver	Nei
Flatøy v/Blandeverket	33 %	52	Statens vegvesen	Alver	Nei
Vågsbotn	43 %	51	Vestland fylkeskommune	Bergen	Ja
Frekhaug terminal	83 %	46	Alver kommune	Alver	Nei
Frekhaug v/Badevika	63 %	46	Alver kommune	Alver	Nei
Knarvik vest	82 %	44	Statens vegvesen	Alver	Nei
Austmarka	63 %	32	Alver kommune	Alver	Nei
Frekhaug kai	97 %	31	Alver kommune	Alver	Nei

Knarvik kai

Ved Knarvik kai er det planlagt ei større oppgradering av parkeringsarealet, inkludert utbetring av gang og sykkelveg ned til kaia. Parkeringa slik den er i dag ber preg av sitt tidlegare føremål som ferjekai, og ein ser at det er mogleg å optimalisere parkeringsløyisinga. Dette vil gje betre og fleire plassar. Knarvik kai er per i dag den einaste innfartsparkeringa i Alver kommune med parkeringskontroll.

2.2.2. Område sør



Figur 2 Oversikt over innfartsparkeringar i sør

Område sør dekkjer Bjørnafjorden kommune og bydelane Fana og Ytrebygda. Innfartsparkeringane i dette området er konsentrert langs bybanespet mellom stoppa Birkelandsskiftet og Nesttun terminal, og langs pendlaraksen mellom Osøyro og Bergen.

Det er høg variasjon i belegg blant innfartsparkeringane. Dei to parkeringane ved Birkelandsskiftet og ved Skjold kyrkje har tradisjonelt lågt belegg, medan Sætervegen har med 67 % noko lågare belegg ved siste måling enn snittet etter pandemien.

Innfartsparkeringane langs Bybanen elles har svært høgt belegg.

Med opninga av Svegatjørn-Rådal etablerte Bjørnafjorden kommune ei ny innfartsparkering i

Endelausmarka rett ved busstoppet Lyseparken. Denne betener line 600 mellom Bergen busstasjon og Os-Halhjem.

Innfartsparkeringa ved Myrvollen ligg rett ved stoppet Flåten sør, og betener line 610 mellom Nesttun terminal og Osøyro, i tillegg til line 600. Stoppet betener vidare ei rekke lokale ruter.

Endring/utvikling

Birkelandsskiftet Ute

Bergen kommune er i prosess med å utvikle denne innfartsparkeringa. Parkeringa er per i dag ikkje innlemma som ei innfartsparkering med kontroll av gyldig billett og med skilt som tilfredsstillar krava til vilkårsarkering, og ligg rett ved «Birkelandsskiftet Inne» som har



Figur 3 Bilde av varebilar ved innfartsparkering Birkelandsskiftet

parkeringskontroll, betre tryggleik, ligg nærare kollektiv, og har betre skjerming for veret.

Belegget ved «Birkelandsskiftet Ute» er lågt, og vaktelskap og kvite varebilar er overrepresenterte blant dei parkerande. Parkeringa ligg vidare rett ved ein stor arbeidsplass med


betalt parkering, og ein må gå ut i frå at innfartsparkeringa er attraktiv for tilsette som ikkje ønskjer å betale for parkering.

Om alle som nyttar parkeringa i dag flytter over til den gjenståande parkeringa vil den framleis ha eit belegg på under 30 %. Vurderinga er difor at den har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere auka.

Namn	Belegg	Storleik	Eigar	Kommune	Parkeringskontroll
Birkelandsskiftet Inne	20 %	246	Vestland fylkeskommune	Bergen	Ja
Birkelandsskiftet Ute	25 %	99	Bergen kommune	Bergen	Nei
Endelausmarka	98 %	79	Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	Nei
Myrvollen	83 %	30	Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	Nei
Nesttun terminal	101 %	170	Bergen kommune	Bergen	Ja
Skjold kirke	14 %	26	Vestland fylkeskommune	Bergen	Ja
Skjoldskiftet	100 %	60	Vestland fylkeskommune	Bergen	Ja
Steinsviksvegen	100 %	143	Vestland fylkeskommune	Bergen	Ja
Sætervegen	67 %	27	Vestland fylkeskommune	Bergen	Ja

Tabell 4 Oversikt over innfartsparkeringar i område sør

2.2.3. Område vest



Figur 4 Kart over innfartsparkeringar i vest

Område vest dekkjer kommunane Askøy og Øygarden, i tillegg til ytre del av Laksevåg bydel.

Innfartsparkeringane i området har brei geografisk dekning, og dei større ligg tett mot dei naturlege reisevegane mot Bergen sentrum.

Dei tre store innfartsparkeringane i området er ved Kleppestø terminal, Straume terminal og ved Storavatnet terminal, der sistnemnte består av to ulike anlegg.

Innfartsparkeringane i området elles ligg tett ved linjer som kan føre den reisande til anten Kleppestø eller Straume, eller direkte til Bergen sentrum.

Det er særleg høgt belegg ved Kleppestø, Straume terminal, medan det er lågt belegg i nordlege og sørlege Øygarden.

Ved Ågotnes har ein observert auka belegg dei seinare åra.

Endring og utvikling

I samband med utbygging av Sotrasambandet vil dagens tilbud ved Storavatnet terminal bli utvida. Ny terminal vil bli plassert lengre aust enn det som er ideelt med omsyn til gonge, og ein er difor avhengig av ein kapasitetssterk haldeplass nærare parkeringa for å full nytte av innfartsparkeringa.

Namn	Belegg	Storleik	Eigar	Kommune	Parkeringskontroll
Blomvåg terminal	0 %	18	Øygarden kommune	Øygarden	Nei
Fjell kyrkje/skole	18 %	44	Øygarden kommune	Øygarden	Nei
Holmedal parkering	64 %	98	Askøy kommune	Askøy	Nei
Kleppestø kai	103 %	520	Askøy kommune	Askøy	Nei
Kystbygarasjen	62 %	50	Privat	Øygarden	Eigen ordning
Ravnanger terminal	87 %	23	Privat	Askøy	Nei

Skogsskiftet	44 %	52	Privat	Øygarden	Ja
Storavatnet terminal	100 %	46	Statens vegvesen	Bergen	Ja
Storavatnet	77 %	101	Statens Vegvesen	Bergen	Ja
Stranda skule	0 %	60	Øygarden kommune	Øygarden	Nei
Straume terminal	100 %	140	Privat	Øygarden	Ja
Strusshamnskiftet	53 %	38	Vestland fylkeskommune	Askøy	Nei
Tjeldstø terminal	32 %	19	Øygarden kommune	Øygarden	Nei
Vorland	0 %	6	Privat	Øygarden	Nei
Ågotnes terminal	76 %	62	Øygarden kommune	Øygarden	Nei

Tabell 5 Oversikt over innfartsparkeringar i vest

3. Aktuelle saker

3.1. Utgåande leigeavtalar i 2024

Vestland fylkeskommune har fleire utgåande leigeavtalar i bergensområdet. Fornyng eller ikkje fornyng av noverande avtalar om leige av innfartsparkeringsareal vil ha effekt på det økonomiske handlingsrommet ein har til innfartsparkering. Fornyng vil redusere mogleiken til å etablere nye innfartsparkeringar, medan å ikkje fornye vil frigje midlar innanfor innfartsparkeringsområdet. Midlane er i hovudsak tenkt fordelt innanfor den aktuelle kommunen eller korridoren midlane blir frigjort frå.

Namn	Antal plassar	Kostnad per år	Årleg kostnad per plass	Belegg	Parkeringskontroll
Straume terminal	140	465 484	3 325	100 %	Ordinær
Kystbygarasjen	50	634 396	12 688	62 %	Eiga ordning
Kvassnesvegen 15	102	747 780	7 331	99 %	Ingen

Tabell 6 Oversikt over utgåande leigeavtalar i 2024

3.1.1. Straume terminal i Øygarden kommune

Innfartsparkeringa ved Straume terminal har gjennomgåande høgt belegg og det er kort avstand frå parkeringa til kollektivknutepunktet.

Parkeringa er underlagt ordinær parkeringskontroll. Dette inneber at brukarane av innfartsparkeringa må ha gyldig parkeringsbevis tilknytt bilen. Brukarane må då ha gyldig periodebillett (7-, 30- eller 180-dagar), og registrere skiltnummer i Skyss-appen. Parkeringsbeviset blir automatisk aktivert ved fornyng av periodebillett. Dette er likt ved alle innfartsparkeringar med parkeringskontroll med unntak av Kystbygarasjen.

Avtalen har same motpart som leigeavtalen av Straume terminal.

Med 140 plassar og 100 % belegg gir dette 140 parkerande. Med årleg kostnad på 3 325 kr per plass medfører dette ein kostnad på 3 325 kr per parkerande per år.

Vestland fylkeskommune ønskjer å vidareføre denne avtalen.

3.1.2. Kystbygarasjen i Øygarden kommune

Innfartsparkeringa i Kystbygarasjen hadde per juni 2024 eit belegg på 62 %. Avstanden frå Kystbygarasjen til Straume terminal er på omkring 500 meter, og er med det i det øvre sjiktet for kva ein vurderer som attraktivt for brukarane.

Parkeringa har ei eiga ordning for parkeringskontroll samanlikna med innfartsparkeringane i Vestland elles. På same måte som ved ordinære parkeringar må brukar ha gyldig periodebillett og registrere skiltnummer i Skyss-appen. Deretter må brukaren vise fram periodebilletten hos Coop Obs i 1. etasje i Sartor Storsenter, slik at dei tilsette i Coop kan registrere skiltnummeret til brukaren, og brukaren blir gjenkjent av kameraa i Kystbygarasjen. Skiltgjenkjenninga har same varigheit som parkeringsbeviset i Skyss-appen.

Ettersom fylkeskommunen har avtale om 50 plassar, gjeld dette berre dei 50 fyrste som forsøker å parkere gratis med periodebillett. Når talet overstig 50 innkøyrde biler, vil brukar måtte velje vanleg parkeringsbillett og betale på lik linje med ordinære parkerande. Brukar vil ikkje finne ut om dei er nummer 51 eller 50 før innkøyring.

Totalt gir dette ei meir krevjande og uføreseieleg brukaroppleving enn ved ordinære parkeringar. Ein må vente at brukarar vil klage om dei mottok ei rekning for eit tilbod dei meiner dei allereie har betalt for. Fylkeskommunen har ikkje registrert klagar på dette, og ein går difor ut i frå at belegget aldri har overstige 100 %.

For å sjekke belegg i Kystbygarasjen må fylkeskommunen ha dialog med Time Park AS, som administrerer parkeringa i Kystbygarasjen. Per juni 2024 var det registrert 62 % belegg ved parkeringa. Dette er i tråd med historiske data, med ei lita auke frå snittmålingane før korona.

Med 50 plassar og 62 % belegg gir dette 31 parkerande. Med årleg kostnad på 12 688 kr per plass medfører dette ein kostnad på 20 465 kr per parkerande per år.

Vestland fylkeskommune ønskjer ikkje å vidareføre denne avtalen.

3.1.3. Kvassnesvegen 15 i Alver kommune

Innfartsparkeringa ved Kvassnesvegen 15 har høgt belegg og ligg sentralt i Knarvik. Det er i underkant av 200 meter frå parkeringa til Knarvik terminal, der ein har avgangar til Bergen sentrum kvart 15. minutt i rushtida.

Det er per dags dato ikkje parkeringskontroll på området, og det er ikkje skilta som innfartsparkering. Med mykje næringsaktivitet og arbeidsplassar i nærleiken må ein difor ta utgangspunkt i at det er høg grad av framandparkering på anlegget. Dette vil også vere tilfelle i ein framtidssituasjon der anlegget har parkeringskontroll. Det er uklart kva andel av dei parkerande som er pendlarar.

Parkeringa ligg på ei tomt som er definert til sentrumsføremål i Knarvik sin reguleringsplan for området.

Med 102 plassar og 98 % belegg gir dette 100 parkerande. Med årleg kostnad på 7 331 kr per plass medfører dette ein kostnad på 7 480 kr per parkerande per år.

Vestland fylkeskommune ønskjer å vidareføre denne avtalen med noko kortare tidshorisont fram til prinsipp for innfartsparkering er utarbeidd.

3.2. Leige parkeringsareal av Askøy kommune

Askøy kommune har vedteke å innføre avgiftsparkering på sine offentlege parkeringar. Dette skal gje kommunen 10 MNOK i inntekter i 2025.

Tiltaket vil mellom anna råde parkeringar som i dag blir nytta av pendlarar, og då særleg parkeringa på Kleppestø kai. Kleppestø kai har om lag 520 parkeringsplassar og det er gjennomgåande høgt belegg ved parkeringa. Dette gjer Kleppestø kai til den mest nytta innfartsparkeringa i bergensområdet.

Askøy kommune ønskjer å avgrense effekten innføring av parkeringsavgift vil ha for pendlarane som nyttar Kleppestø kai som innfartsparkering. Kommunen ønskjer difor å gå i dialog med Vestland fylkeskommune om leige av innfartsparkering for pendlarar. Dette er grunna i eit ønske om at parkeringstilbodet framleis skal vere attraktivt for reisande med båt og buss etter innføringa av parkeringsavgift.

Vestland fylkeskommune er positive til å skjerme pendlarar og andre som ønskjer å nytte kollektivtilbodet på Kleppestø frå marknadsprising.

Vestland fylkeskommune vil gå i dialog med Askøy kommune for å sjå på korleis ein kan utforme og samfinansiere ei løysing som skjermar pendlarar.

3.3. Parkeringskontroll ved Flatøy terminal

Som del av Nordhordlandspakken har det blitt etablert eit nytt kollektivknutepunkt på Flatøy. Det nye knutepunktet er ei betydeleg oppgradering samanlikna med tidlegare løysing. I samband med bygging av ny terminal har ein òg fått eit betre parkeringstilbod som ligg tettare opp mot sjølve terminalen samanlikna med tidlegare løysing.

Statens vegvesen har ansvar for drift av både terminal og innfartsparkering. I dialog med Vestland fylkeskommune har Statens vegvesen, som eigar og driftsansvarleg, stadfesta at dei ønskjer å ha parkeringskontroll ved innfartsparkeringa.

Vestland fylkeskommune ønskjer å ha parkeringskontroll ved innfartsparkeringa.